Fyresdal kommune

Møteprotokoll

Utval: **Formannskap**
Møtestad: Fyresdal næringshage
Dato: 19.10.2016
Tid: 08:30 – 14:10

Fylgjande medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Erik Skjervagen	Ordførar	AP
Olav Gisle Noraberg	Varaordførar	AP
Tone Irgens Veum	Medlem	SP
Anne Serine Nærum	Medlem	AP

Fylgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Sverre Thoresen	Medlem	SP

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Svein Slyngstad	Kjell Sverre Thoresen	SP

Fylgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ketil O. Kiland	Rådmann
Berit Ramsvatn-Kemp	Kommunalsjef helse og omsorg
Tron Armand Støle	Kommunalsjef kultur og oppvekst
Arild Metveit	Kommunalsjef plan og miljø
Kjersti Bergland	Kommunalsjef økonomi og utvalssekretær

Saker til handsaming:(sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)
39/16 – 42/16

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

_____
Erik Skjervagen
Ordførar

Fellestenesta
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Ketil O. Kiland
rådmann

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald
PS 39/16	Referatsaker
PS 40/16	Økonomigjennomgang pr. 01.09.16
PS 41/16	Investeringsrekneskapen 2016
PS 42/16	Utvide verkeområde for eigedomsskatt til å omfatte hus, fritidsbustader og næringsbygg - del av budsjetthandsaminga 2017-2020

Fyresdal 14. oktober 2016

Erik Skjervagen
ordførar

Fellestenesta
utvalssekretær

PS 39/16 Referatsaker

RS 27/16 Orientering frå administrasjonen

RS 28/16 Budsjettdrøftingar

RS 29/16 Møteplan 2017 - framlegg

I møtet:

- Orientering frå møte med Fyresdal kurs og leirstad, idrettslag og sektor for kultur og oppvekst om bygging av fleirbrukshall. Det konklusjonen var klar: Fyresdal kurs og leirstad bygger ein hall for å stette sitt behov og på sine premisser. Dette dekker ikkje behovet som skulen eller idrettslaga har for ein fleirbrukshall.
- Møteplan for neste år – endringar til framlagt forslag: Kommunestyremøte 23. februar er i vinterferien og flyttast difor til 2. mars. Aprilmøte i kommunestyret vert dagmøte.
- Bilda av ordførarene bør plasserast på møterommet ved ordførarkontoret.
- Budsjettdrøftingar.

PS 40/16 Økonomigjennomgang pr. 01.09.16

Innstilling frå rådmannen:

Den økonomiske stoda pr. 01.09. for Fyresdal kommune vert teken til vitande.
Rammene for dei enkelte sektorane vert justera med omfordeling av lønsreguleringspott og bruk av fondsmidlar til tilskotsutbetalingar slik:

Sektor	Utgift	Inntekt
Økonomi og felles	-2.040.000	
Helse og omsorg	920.000	
Kultur og oppvekst	700.000	
Plan og miljø	500.000	80.000

Handsaming i Formannskap - 19.10.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Formannskap - 19.10.2016

Den økonomiske stoda pr. 01.09. for Fyresdal kommune vert teken til vitande.
Rammene for dei enkelte sektorane vert justera med omfordeling av lønsreguleringspott og bruk av fondsmidlar til tilskotsutbetalingar slik:

Sektor	Utgift	Inntekt
Økonomi og felles	-2.040.000	
Helse og omsorg	920.000	
Kultur og oppvekst	700.000	
Plan og miljø	500.000	80.000

PS 41/16 Investeringsrekneskapen 2016

Innstilling frå rådmannen:

Rapport om investeringsbudsjettet vert teke til vitande og fylgjande endringar vert gjennomført:

- Oppgradering av økonomisystemet – inntil kr 400.000. Vert dekt av avsette disposisjonsfond til IKT-investeringar og mindreforbruk prosjekt gateljos/fortaug.
- Hamaren aktivitetspark – kr 3.000.000,-. Med dekning frå eksterne midlar (spelemidlar og tilskot) og kompensasjon for meirverdiavgift.
- Egenkapitalinnskot i KLP – kr 116.000,- vert dekt med restmidlar frå prosjekt gateljos/fortaug.
- Renteinntekter og avdragsutgifter vert oppjustera med kr 75.000,-.

Handsaming i Formannskap - 19.10.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Formannskap - 19.10.2016

Rapport om investeringsbudsjettet vert teke til vitande og fylgjande endringar vert gjennomført:

- Oppgradering av økonomisystemet – inntil kr 400.000. Vert dekt av avsette disposisjonsfond til IKT-investeringar og mindreforbruk prosjekt gateljos/fortaug.
- Hamaren aktivitetspark – kr 3.000.000,-. Med dekning frå eksterne midlar (spelemidlar og tilskot) og kompensasjon for meirverdiavgift.

- Egenkapitalinnskot i KLP – kr 116.000,- vert dekt med restmidlar frå prosjekt gateljos/fortaug.
- Renteinntekter og avdragsutgifter vert oppjustera med kr 75.000,-.

PS 42/16 Utvide verkeområde for eigedomsskatt til å omfatte hus, fritidsbustader og næringsbygg - del av budsjetthandsaminga 2017-2020

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune innfører ikkje eigedomsskatt for 2018. Det ligg ingen automatikk i at innføring av eigedomsskatt skal drøftast ved kvar budsjetthandsaming frametter utan at det blir meldt særskilt behov for dette.
Bygging av fleirbrukshall drøftast på nytt når nødvendige fonds er bygd opp.

Handsaming i Formannskap - 19.10.2016

Framlegg frå Tone I. Veum:
Seiste setning i framlegget frå rådmannen endrast til:
Bygging av fleirbrukshall vert sett i samanheng med budsjett-/økonomiplanarbeidet.

Avrøysting:
Samrøystes for fyrste del av rådmannen si innstilling.
3 røyster for seiste setning i rådmannen si innstilling.
2 røyster for framlegget frå Tone I. Veum.

Vedtak i Formannskap - 19.10.2016

Fyresdal kommune innfører ikkje eigedomsskatt for 2018. Det ligg ingen automatikk i at innføring av eigedomsskatt skal drøftast ved kvar budsjetthandsaming frametter utan at det blir meldt særskilt behov for dette.
Bygging av fleirbrukshall drøftast på nytt når nødvendige fonds er bygd opp.